



Notat

Til:

Kriseleiinga
Compilo

Vår ref:
2020/228-78

Sakshandsamar:
Aud Sunniva Fuhr,
aud.sunniva.fuhr@valle.kommune.no

Arkivkode:
X26

Dato:
20.05.2021

REFERAT FRÅ MØTE I KRISELEIINGA 20.05.2021

Møtestad:	TEAMS
Møtetidspunkt:	20.05.2021
Desse møtte:	Aud Sunniva Fuhr, Benedicte Severinsen, Solveig Kyrvestad og Gunn Marith Homme

Nr.	Sak	Ansvar	Frist
1.	Status Pr. dd. Er det ingen smitta i Valle kommune og heller ikkje nokon i karantene. Det er svært viktig at alle følgjer smittevernreglane for å halde smitten nede.		
2.	Skule og utdanning Skulen held fram på gult nivå.		
3.	Idretts, fritids- kultur og livssynsarrangement		
4.	Sosial kontakt Ha minst mogleg sosial kontakt. Det er sterke tilrådingar i høve antall besøkande i heim og på hytte.		
5.	Reiser Kommunalt tilsette skal avgrense reiseaktivitet i jobbsamheng til det mest naudsynte. Vi gjer merksam på at ein ikkje bør legge planar for ferien som gjer at du ikkje kan møte på vaksinerings når du blir kalla inn. Ei innkalling vil du få ca. ei veke før. Dersom ein ikkje kan møte blir ein sett bakerst i køen. Vaksinerings vil i fellesferien i regelen skje på torsdagar. <u>Det er svært viktig at alle møter til timen sin slik at ein unngår å måtte kaste doser.</u>		

6.	<p>Heimekontor for kommunalt tilsette</p> <p>Hovudregel er at alle som kan bør ha heimekontor. Leiarane vurderer heimekontor for si avdeling.</p> <p>For andre så er det nasjonale tilrådingar og reglar som gjeld.</p>		
7.	Neste møte om 14 dager.		
8.	<p>Valle kommune tilrår sterkt at alle innbyggjarar og hytteeigarar set seg godt inn i dei nasjonale reglane og oppmodingane som no gjeld.</p> <p>Desse finn du HER</p> <p>Ved tvil er du velkomen til å ta kontakt med kommuneoverlegen på e-post: benedicte.severinsen@bykle.kommune.no</p>		
9.	<p>Vaksinering</p> <p>I Valle blir no årskulla som er fødde 1956 vaksinert. I tillegg blir pasientar i risikogrubbene vaksinert. Slik prognosane ser ut no, vil vi vere ferdige med desse særskilde grubbene i starten av juni. Deretter vil befolkninga bli vaksinert ut frå alder. Ein startar på 64 år og går gradvis nedover.</p> <p>Fram til no har vi hatt vaksineringa på legekantoret, men frå 3.juni vil vaksinasjonen føregå på Bykle samfunnshus for både Valle og Bykle. Ein må forvente at vaksinasjonen skal føregå gjennom sommaren og vi forventer store leveringar i juli.</p> <p>Det er derfor svært viktig at ein ikkje lager planar for sommaren som ikkje kan flyttast ved behov.</p> <p>Vaksinasjon er vegen ut av denne pandemien og vi er svært glade for at befolkninga viser stor interesse for vaksine. Eventuelle spørsmål kan rettast til kommeuneoverlege Benedicte Severinsen på benedicte.severinsen@bykle.kommuna.no eller telefon 90205152.</p> <p>Vi håper at alle vaksne i kommunen er vaksinert i løpet av sommaren 2021. Vaksina er gratis.</p> <p>Vi oppmoder alle som har fastlege ein annan stad enn i Valle kommune og har høg eller moderat risiko - om å kontakte sin fastlegen og sikra at denne vidareformidlar beskjed om risiko til kommuneoverlegen i Valle.</p>		

Med helsing

Aud Sunniva Fuhr
Kommunedirektør